

Bømlo Film og Musikk  
v/Kurt Inge Larsen  
Hidlesneset 37  
5437 Finnås

16.10.15

Hordaland Fylkeskommune  
Att. Tone Stedal Haugland

## Søkndad om støtte til dokumentarfilm

Bømlo Film og Musikk er har starta eit dokumentarfilmprosjekt. Filmen har førebels tittelen «Melkevik gard på Bømlo – frå kommunesenter til turistmagnet».

Filmen vil bli på omlag 1 time, og vil dekke historien til denne garden og folka som har levd der frå ca 1750 og fram til i dag. Den vil også ta med små og store hendingar i nærområde til garden som f.eks

- utbygginga av Kulleseidkanalen i 1856
- gruvedrifta i nærområder frå 1864 til 1910
- garden som kommunesenter i Finnås Herrad i tidsrommet 1896-1916 (Finnås Herrad besto av Bømlo og deler av Sveio)
- legesenteret på Bømlo som var her frå 1909-1980
- 2 kriger
- Utbygging av Kulleseidkanalen 1927-1930
- Kanaldagane (ein årleg stor maritim marknad som skjer på gardsområdet første helga i september)

I tillegg vil filmen omhandla dagelliv, firma S. Larsen, butikk (krambu), bakeri, snekkerverkstad (bl.a likkiste byggjing) og fram til Kulleseidkanalen Gjestehamn slik det er i dag. (Kulleseidkanalen Gjestehamn er i år nominert til årets gjestehamn i Norge). Dette er meget interessant kultur- og Bømlohistorie.

Sjølve dokumentaren vil byggje på intervju, men vil også innehalda eindel dramatisering, gamle filmglimt, ei mengde foto, gamle dokument og anna som vil belysa historien.

Det er lagt opp til ca 30 timer filming, og 150 timer redigering. Manus, research, regi, fotoscanning og anna vil skje på dugnad.

Budsjettet ser slik ut:

|   |            |
|---|------------|
| Filming                                   | 25.000 kr  |
| Redigering og animasjon                   | 90.000 kr  |
| Kjøp av rettigheter, foto, film og musikk | 10.000 kr  |
| Produksjon av 300 DVD kopiar              | 15.000 kr  |
| Totalt                                    | 140.000 kr |

Inntekter – salg av 300 DVD kopiar                    30.000 kr.

Underskotet på 110.000 kr må dekkast av støtte og eventuell eigenkapital.

Me har til no fått 20 000 kr frå Finnås Kraftlag (2014), og 10 000 kr frå Sparebanken Vest (2015) i stønad.  
Men me manglar enno 80 000 kr på å få fullført prosjeket etter planen.

Me er takknemleg for all støtte, men håper på 30 000kr – 50 000 kr.

Me har gjort det meste av filminga, og vil bruke vinteren til klipp\redigering. Målet er å få filmen ferdig i løpet av våren 2016.

Dersom det er ynskje om meir informasjon er det berre å ta kontakt me underteikna.

Me håper på positiv respons

Med helsing



Kurt Inge Larsen  
Bømlo Film og Musikk